
Vår referanse 2020/60105-3
Dato 19.10.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Utvida bruk av avkøyrslle - Delings sak gnr 305 bnr 36 - Fløksand - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt syner til brev motteke 23.09.2020 med ovannemnde søknad til uttale.

Kva saka gjeld

Det er tidlegare søkt om dispensasjon frå LNF-planføremål i arealdelen av kommuneplanen for gamle Meland kommune, for oppretting av ny grunneigedom. Vi hadde ingen uttale i denne saka. Det er no reist spørsmål om tiltakshavar også må søke om utvida bruk av avkøyrslle.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremålet med hovudføremål friluft.

Saksgang

Før søknaden vert handsama etter veglova, er det behov for å avklare tiltaket etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har óg klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ei uttale til Alver kommune.

Uttale

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil generere auka trafikk i avkøyrslle og vil ikkje krevje søknad om utvida bruk av avkøyrslle for dette tiltaket. Vi ser at begge dei nye eigedomane har tilkomst via eksisterande veg med avkøyrslle frå fylkesveg. Dersom det i framtida skal gjerast tiltak som vil medføre auka bruk av avkøyrslle og fylkesvegen må slik søknad sendast inn. Vi vil då kunne krevje utbetring av avkøyrslle då avkøyrsllepunktet er utflytande og ikkje tilstrekkeleg avgrensa frå fylkesvegen.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Silje Svanevik-Røren
Rådjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift